

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 Oslo

Vår dato: 12.09.2016
Vår ref: 2014/2262 - 18465/2016 / 002
Dykkar ref:

Nye oppgaver til større kommunar, høyringssvar

Stord formannskap handsama høyringsnotatet frå departementet 7.9.16 som sak 35/16.
Formannskapet vedtok samrøystes følgjande høyringsuttale:

«Stord kommune er generelt positiv til at kommunane vert tilført nye oppgaver med sikte på å auka det lokale sjølvstyre og sikra ein føreseieleg, god og effektiv tenesteproduksjon. Kommunen er positiv til at det også i fortsetjinga vert lagt til grunn eit prinsipp om generalistkommunar.

Departementet legg opp til å kunna påleggja kommunane interkommunalt samarbeid for å sikra innbyggjarane eit forsvarleg tenestetilbod. Stord kommune meiner at slike pålegg må vera knytt til særskilde tilfelle. Ingen av oppgåvene som er lagt fram i denne høyringa tilseier i seg sjølv at det er behov for å heimla at departementet skal kunna gje eit slikt pålegg. Då bør det heller leggjast sterkare statlege føringar for å få ein adekvat kommunestruktur.

Det må vera ein føresetnad at kommunane får tilstrekkeleg økonomiske rammer både for å kunna ivareta nye oppgaver og ansvarsområde på ein tilfredsstillande måte.

Til dei konkrete endringsforslaga så er Stord kommune positiv til at vigselmynde og oppgaver som i dag lagt til notarius publicus vert overført til kommunane. Desse forslaga vil begge kunna medføre betre og meir tilgjengelege tenester for innbyggjarane.

Den føreslegne oppgaveoverføringa knytt til jakt på kanadagås og stripegås er marginal, men kommunen er positiv til å påta seg større oppgaver innanfor vilt- og innlandsfiskeforvaltning. Stord kommune er tilsvarande positiv til at kommunane får tildelt større mynde i høve til forureiningssaker.

Departementet gjer framlegg om at kommunane får ansvar for å gje tilskot til etablering i eigen bustad og tilpassing av bustad. Stord kommune ser i utgangspunktet positivt på dette, slike tilskot kan då sjåast meir i samanheng med kommunen sine øvrige tenester. Men det at ordninga skal finansierast over rammetilskotet medfører risiko for at tilskotsordninga som følgje av svak kommuneøkonomi får låg prioritet.

Stord kommune har heller få prosjekt knytt til bygging og rehabilitering av symjeanlegg og vil neppe byggja kompetanse for å ivareta dette i eigen regi. Det er såleis positivt at kulturdepartementet framleis kan gjennomføra slik godkjenning.

Overføring av tilskotsordningar for utbygging av veg og taubane synes å vera ei fornuftig justering av dagens forvaltningsstruktur. Departementet bør likevel fordela dei økonomiske rammene for ordningane direkte til kommunane. Det at kommunane må søkja fylkesmannen på bakgrunn av mottekne søknader for så igjen å fordela tilskota ut, synest unødig byråkratisk.

I utgangspunktet er Stord kommune positiv til at kommunen vert tildelt ansvar for tiltak i beiteområde, men det bør også her leggjast opp til at midlane vert tildelt kommunane etter objektive kriterier. Kommunane kan så utarbeida lokale retningslinjer for prioritering av søknader. Ei slik ordning vil og i større grad leggja til rette for utøving av lokalt politisk skjøn. Behov for regional samordning må ivaretakast gjennom løysingar som ikkje legg opp til for mange sløyfer i sakshandsaminga.

I Hordaland vil truleg berre Bergen kommune oppfylle dei vilkåra departementet legg til grunn for overføring av ansvar for kollektivtrafikken. Dette framlegget er og meir å sjå som ei storbysatsing enn som ein konsekvens av kommunereforma.

Dei store byane har stor grad av innpendling og byane sitt kollektivnett må sjåast i samanheng med det regionale nettet. Stord kommune opplever at dagens fylkesgrenser kan vera ei utfordring med omsyn til å få gode kollektive løysingar og vil i utgangspunktet meina at bykommunane er for små til å ha eit eigenansvar for kollektivtilbodet. Stord kommune meiner og at det å gje storbyane auka innflytelse over kollektivtilbodet vil medføre ei ytterlegare sentralisering av ressursane til samferdsle og kollektiv transport.»

Med helsing

Magnus Mjør
rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift